

Fra: Ordfører Lindås
Sendt: 12. august 2014 13:11
Til: Tove Mette Fyllingen
Emne: VS: Lindåstunet

Kan du føre denne, og vi har jo allereie svart også 😊

Fra: Kåre Bastesen [mailto:kare.bastesen@bkkfiber.no]
Sendt: 11. august 2014 20:54
Til: Ordfører Lindås
Kopi: kare.bastesen@bkkfiber.no
Emne: Re: Lindåstunet

Hei.

Takker for svaret som kom i dag. Det har diverre skjedd ein glipp som har medført at brevet til ordføreren ikkje er sendt, men berre det til avisene. Beklager dette så mykje. Vist det kan hjelpa på det reint formella, sender det no. Skal ha svaret fra dere opp på styremøte i morgon 12. aug.

Der vonde draumar vert røyndom?

Ope brev om Lindåstunet til kommunen sine politikarar og ordfører.

Kommunestyret i Lindås har vedteke å kutta bruk av omsorgstenester ved Lindåstunet. Grunnen er at kommunen sin advokat har kome til at eit slikt innkjøp skulle vore lyst ut blant fleire leverandørar.

Dette vedtaket rammar åtte heildøgns pasientar med ein snittalder på over 90 år, som må søkja om plass andre stader. Det rammar også dei som to gonger for veka har fått eit dagtilbod ved Lindåstunet.

Kvar er sjølvrespekten dykkar i forhold til Lindåstunet og bebruarane når de har gjort dette vedtaket? EU-direktivet de viser til, har ikkje påvist at det er noko gale ved drifta av tunet. Det tar berre opp at kommunen ikkje har sett oppdraget ut på anbod.

De politikarar har på prisverdig måte klart å støtta opp om drifta til no, og har med det gjeve bebruarane eit godt tilbod. For oss ser det dermed ut som at de har sett behovet og nytten som tilbodet har sikra bebruarane.

Lindås Pensjonistlag ser det difor slik at de politikarar med ordføraren i spissen bør setja foten ned og sei at me set tilbodet ut på anbod. Vi trur at Lindåstunet AS gjerne kan hevda seg i konkurransen. Men for oss er det viktigaste at tilbodet bebruarane får, vert oppretthalde med minst same standard som før.

Slik vi ser det, har ikkje Lindås kommune per i dag noko tilsvarande å tilby dei som må ut av tunet, der dei har kunna ha si verdigheit i behald og samtidig sitt fellesskap. Dei et i lag, har sosiale innslag og kan prata og kosa seg i lag.

Vi spør kvar og ein av dykk: Har de samvit til å sitja med hendene i fanget og la det skje at Lindås kommune pådreg seg eit så kritikkverdig utfall i denne saka slik det ligg an til no?

Vi skal ikkje setja dykk i noko slags lys i denne saka. Det skal de få lov til å avgjera sjølve. Men det kjem kanskje spørsmål seinare, der de vert målte på utfallet av korleis de har stillt opp for dei eldre i denne saka spesielt og generelt. Til sjuande og sist er det de politikarar som har makt og mynde til å gjera noko.

Her ei huff-huff historie: Ein bebuar på Lindåstunet drøymde i helga at han til si store fortviling måtte ut frå tunet. Då han vakna, fekk han vita at draumen var røyndom.

Ha ein god og aktiv sommar, men det hastar å få gjort noko. Administrasjonen har det visst så travelt at dei ikkje kunne venta inntil nyttår ein gong, som de politikarar bad om, men skal ha utflyttinga gjennomført til i oktober.

Lindåstunet AS har alt starta oppseiing av betjening. Dette er eit dårleg signal til dei som driv og stiller opp i frivillig arbeid, som elles er hylla som eit gode.

For Lindås Pensjonistlag

Kåre Bastesen, Alf Sætran, Steinar Furelid

.....

Vennlig helsing

Lindås Pensjonistlag

Kåre Bastesen

leiar

kare.bastesen@bkkfiber.no

91627736

Vennlig helsing
Lindås Pensjonistlag
Kåre Bastesen

leiar

kare.bastesen@bkkfiber.no

91627736

----- Original Message -----

From: [Ordførar Lindås](#)

To: [Kåre Bastesen](#)

Sent: Sunday, August 10, 2014 4:53 PM

Subject: Re: Lindåstunet

Hei.

Ja, eg forstod det hadde stått noko i sommar, men vi har ikkje motteke noko brev verken til kommunen eller til ordførar. Det var tilfeldig at eg såg dette i avisene i sommar, då det ikkje akkurat er aviser ein prioriterer å lese då.

Men, partiene og ordførar har skrive svar, men vi sender det til pensjonistlaget direkte slik at det går gjennom postlista og blir ført, det vert det rette her.

Så svar skal de få.

Eg har og hatt kontakt med fylkesmannen om saka.

Det hadde vore enklere desom brevet også hadde vore sendt kommunen, då kunne det vore ført på saka, no er det som eit ope brev, og vert difor ikkje postført.

Men, svar kjem ein av dei fyste dagane. Eg har hatt ferie, så det har ikkje vore mogleg å svare før.

Mvh

Astrid

Sendt fra min HTC

----- Reply message -----

Fra: "Kåre Bastesen" <kare.bastesen@bkkfiber.no>

Til: "Ordførar Lindås" <ordforar@lindas.kommune.no>

Kopi: "kare.bastesen@bkkfiber.no" <kare.bastesen@bkkfiber.no>

Emne: Lindåstunet

Dato: søn., aug. 10, 2014 16:41

Hei Astrid.

Som du vel har fått med deg hadde Lindås Pensjonistlag 05. 07.2014 eit ope brev i Strilen og også avisa Nordhordland

til komunen sine politikarar og deg som ordførar, angående Lindåstunet. Brevet vart også sendt til fylkesmannen. Vi forventar eit svar fra komunen,

noko som vi så langt ikkje har måttatt. Fylkesmannen har også bitt rådmannen i brev av 08.07.2014 om kopi av svaret fra kommunen til Lindås Pensjonistlag.

Vi håper på ein rimeleg snarleg reaksjon etter denne purringa, og at vi slepp ta manglande respons også opp med fylkesmannen.

Vennlig helsing

For Lindås Pensjonistlag

Kåre Bastesen
leiar
kare.bastesen@bkkfiber.no
91627736